



Heide As
c/o Devold Consulting AS Tertnesflaten 2
5114 Tertnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/519 - 22/6843

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
23.08.2022

Melding om delegert vedtak - utsleppsløyve gbnr 6/79

Vi syner til søknad motteke den 08.08.2022.
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 082/2022

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknad om utslepp frå slamavskiljar for næringsbygg gbnr 6/79.

Søknad med vedlegg mottatt 04.08.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 04.08.2022.
- Leidning i sjø skal liggje minst 10 meter under lavaste vasstand.
- Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket ved søknad om ferdigattest.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vilkår frå Vestland Fylkeskommune vert oppfylgt.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta § 12, og lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.

Heimel: Forureiningsforskrifta § 12.

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 04.08.2022 søkt om løyve til utslepp frå slamavskiljar for næringsbygg gbnr 6/79.

2. Fakta

Saka gjeld søknad om utslepp frå slamavskiljar knytt til næringsbygg gbnr 6/79.

Slamavskiljar vert 4 m³ og anlegget er dimensjonert i storleik i tal personekvivalentar (pe) 5.

Reinsegrad for utslepp til sjø er 20 % reduksjon av suspendert stoff. Utsleppstad i mindre følsomt område.

Det er gjeve løyve frå grunneigar GBNR 6/27 for legging av spilledning, vedlegg til søknad.

Det er gjeve framføringsløyve for kryssing av FV 5438, løyve frå Vestland Fylkeskommune, mottatt 01.08.2022, ligg ved søknaden.

Gustav Baarøy AS, org nr 998311179 er nøytral fagkyndig som har bistått med val av reinsem metode og er ansvarleg søkjar for tiltaket.

3. Konklusjon

Søknad om utsleppsløyve frå slamavskiljar gbnr 6/79 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Gustav Baarøy As
Heide Eiendom

Brandanger 5960
c/o Devold 5114
Consulting AS
Tertnesflaten 2

Dalsøyra
Tertnes

Mottakarar:

Heide As

c/o Devold
Consulting AS
Tertnesflaten 2

5114

Tertnes